



VASSET

BARNEHAGE

Årsplan del 1

**INFORMASJON
FRÅ Å TIL Å**

Dette heftet er informasjon til foreldre og føresette i Vasset Barnehage, og inneheld praktisk informasjon som kan vere nyttig i kvardagen. Om det er noko utover dette, er det sjølvsagt berre å spør oss.

Personalet



ANDELER OG VEDTEKTER:

Vasset barnehagen er ein andelsbarnehage, med skiftande medlemstal og kapital. Alle som har plass skal betale kr 500,- til andelskontoen. Denne blir tilbakebetalt når barnet sluttar i barnehagen.

Andelslaget vel sitt eige styre på årsmøte på våren. Styret skal drive andelslaget på best mogleg måte, i samsvar med laget sine eigne vedtekter og årsmøte sitt vedtak. Styret har det formelle ansvaret for barnehagen, men har delegert myndigheit og dagleg drift til styrar i barnehagen.

Vasset barnehage følgjer Sula kommune sitt felles opptak for barnehageplass, men har eigne vedtekter.

ANDELSMØTE

Andelsmøte er 2 gangar per år og i forbindelse med foreldremøte. Andelsmøte haldast ein gang på hausten og ein gang på våren. Styret innkallar til møte med minst 2 vekers varsel. Innkallinga skal klart vise kva saker årsmøte skal behandle, samt tid og stad for møtet. Saker eit medlem ønskjer tatt opp på årsmøtet skal meldast skrifteleg til styret i så god tid at dei kan takast med i innkallinga.



BARNEHAGEÅRET

I Sula kommune startar barnehageåret 1. august. Det betyr at førskolebarna har siste dag i barnehagen 31. juli og inntak av nye barn startar 1. august.

BLEIER

De tek med egne bleier til barnehagen. (ikkje up and go)

BRINGESITUASJON

Foreldre følger barnet opp til porten og leverer der.
Gi informasjon om det vi trenger å vite.



BURSDAGSFEIRING

Vi markerer dagen med barnet i fokus.



DUGNAD

Alle skal ha mist 8 timer dugnad i løpet av året. Fortrinnsvis 4 timer om hausten og 4 timer om våren. Det blir gitt bot på kr 500,- per time om dette ikkje oppfølges.

FACEBOOK

Vi har ein lukka facebookside for føresette, der nyttig informasjon og pedagogisk dokumentasjon blir lagt ut.

FERIE

Barna skal ha minimum 3 vekers sammanhengande ferie.
4 veker iløpet av året.
Sjå barnehagens vedtekter.



FORELDREMØTE

Barnehagen inviterer til foreldremøte 2 ganger pr år – haust og vår



FORELDRESAMTALER

Alle foreldre får tilbod om foreldresamtalar 2 gangar i året og ved behov. Dette er ein individuell samtale der foreldra og pedagogisk leiar snakkar saman om barnets utvikling og trivsel.

FORSIKRING

Vi har kollektiv barneforsikring til alle barna i barnehagen.

FOTOGRAFERING

Vi har fotografering på våren, der innleid fotograf tar gruppebilde og portrettbilde av dei barna som ønsker det.



FRUKOST

Vi serverer frukost frå kl 08.00 til 09.00.

Barn som kjem seinare, må ha spist frukost heime.

HENTESITUASJON

Sørg alltid for å ha kontakt med barnehagens personale når du hentar barnet ditt. Dersom andre enn foreldre /føresatte skal hente barnet, informer barnehagen om dette.

HELSEERKLÆRING

Før barnet startar i barnehagen skal det leverast helseerklæring på fastsett skjema.



KLEDE

Husk å merke alt av kle og utstyr med barnet sitt namn.

Kle barna praktisk – etter vær og vind.

Ha alltid regntøy og to sett med ekstra tøy liggande i barnehagen.

Kvar fredag skal regntøy /dresser tas med heim for vask.

KJERNETID I BARNEHAGEN

Kjernetid er 09.30 – 14.00



MAT

Vi serverer frukost, lunsj, ettermiddagsmat og varmmat ein gong i veka. Vi har fokus på sunn og næringsrik mat.

MEDISINERING I BARNEHAGEN

All medisin barnet har med og skal gis i barnehagen, må merkast med namn. Før medisin kan gis må føresette fylle ut eit skjema med nøyaktig informasjon. Om det er nødvendig må foreldre/føresette gi personale opplæring i medisineringsa. Skjema for medisinerings får du i barnehagen.

MELD FRÅ OM ENDRINGAR.

Husk å sei ifrå om adresseendringar, endring av telefonnummer og epost-adresse, slik vi til ei kvar tid har dei riktige opplysningane om barna og føresette.

MERKING

Merk alt av klede, sko, støvlar og alt anna utstyr barnet har i barnehagen.

MÅNEDSPLAN

Pedagogisk leiar har ansvaret for å sende ut månadsplan kvar månad. Den blir utarbeidet i fellesskap. Månadsplan skal vidareføre det som er skrevet i årsplanen og gi oss detaljane kvardags aktivitetane i månaden.



OVERGANG BARNEHAGE/SKULE

Barnehagen har samarbeid med barneskulane i kommuna. Sula kommune har eit eige årshjul som vi følger gjennom eit barnehage/skule år. Det blir arrangert treff for alle skulestartarane fleire gongar det iløpet av førskuleåret, i tillegg til innskriving og innskulingsdagar. Dette vil være med trygge barna når hausen kjem.

OPNINGSTID

Barnehagen opnar kl 07.00 og stenger kl 16.30. Det er viktig å beregne god tid til hente og bringe situasjonar.

OPPSTARTSSAMTALE

Alle barn som startar i barnehagen skal ha ein oppstartssamtale med pedagogisk leiar.



OPPSTART I BARNEHAGEN

Før barnet begynner i barnehagen vil pedagogisk leiar på avdelinga sende ut eit velkomstbrev der du/dykk som foreldre får vite kven som møter dykk første tida og når dykk skal møte. Her vil dykk også få vite kven som er tilknytingsperson til barnet ditt. Tilknytingspersonen er spesielt viktig den første perioda for å skape trygghet og tilknytning mellom barnet, heimen og barnehagen, og også for å gi nødvendig informasjon.

PLANLEGGINGSDAGAR

Vi har 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret.

Då barnehagen stengt.



REINHOLD OG MILJØ

Alle som kjem inn i barnehagen må ta av utesko før du kommer opp på avdelinga– eller ta på blå overtrekk utapå sko. Du finner desse ved inngangsdøra og ved porten.

SAMARBEIDSPARTNERE UTANFOR BARNEHAGEN

Alle ansatte i barnehagen har teieplikt og opplysningsplikt i henhold til «lov om barnehager §21 -§23». PPT, barnevernet, helsestasjon, fysioterapeut og logoped er nokre av barnehagen sine samarbeidspartnarar.

SIKKERHEIT

Vi har gjennomgang av sikkerheitsrutinar kvart år.

Av sikkerheitsmessige grunnar skal alle lukke porten etter seg når de kjem

– eller forlèt barnehagen. Ingen barn skal klatre over gjerdet ved porten når dei går heim. Når barnet er henta er det føresette som har ansvar for barnet sin sikkerheit. Slipp aldri ut barn som står ved porten.

SØVN OG KVILE

Barn som har behov for det, får sove i barnehagen. Foreldre tar sjølve med vogn som er i god stand med 5 punktsselle og egnet til å sove i . I Vasset barnehage søv barna ute i vogn.



SJUKDOM/FRÅVÆR

Dersom barnet er sjukt eller skal ha fri, informerer dere barnehagen om dette før kl 08.30. Ved smittsam sjukdom (for eksempel barnesjukdommar), gi snarast mogleg beskjed til barnehagen. Ved eventuelle epidemiar blir foreldre informert om dette.

Personalet i barnehagen tek utgangspunkt utifrå barnet si allmentilstand før vi tek kontakt med føresette om situasjonen. Det er ikkje alltid barnet har feber eller oppkast, med er likevel ikkje istand til å vere i barnehagen. Vi har ein regel om at skal barnet i barnehagen, MÅ det kunne delta på alle dei daglege aktivitetane som skjer i barnehagen.

Retningslinjene ved sjukdom, vil føre til mindre sjukdom blant barnehagebarna. Vi ber om respekt for karantenetida.

Vi forheld oss til karantenetider gitt av norsk helseinstitutt.

<https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>

SAMARBEIDSUTVAL SU

Dette er rådgivande og samordna organ som består av representantar frå foreldra og personalet i barnehagen, i Vasset barnehage er SU ein del av styret. Utvalet fastsett barnehagen sin årsplan og drøftar saker som er viktig for barnehagens innhald og virksomheit.

TUR

Vi har som mål å gå på tur ein dag minimum ein dag i veka.

SOMMARFEST

Dette er en sosial ettermiddag der vi setter litt ekstra stas på barna som skal videre på læringsreisa.

VEDTEKTER

Vedtektene til barnehagen vert delte ut når barna startar i barnehagen. Det er styret som fastsett vedtektene, og dei godkjennast på andelsmøtet.

ÅRSPLAN

Årsplanen er ein årleg plan som lagast av personalet i barnehagen etter lokal rammeplan. Her skriv vi om det vi skal gjere det kommande året. Årsplanen er dei ansatte sitt arbeidsverky og og grunnlaget for arbeidet i Vasset barnehage. Vi har valgt å dele årsplanen vår i tre delar:

1. Informasjon frå a – å
2. Generell del som beskriv barnehagens sitt pedagogiske grunnsyn
3. Gir eit blick på året som kjem

TELEFON OG MAIL

Om dere ønsker kontakt med barnehagen, kan vi når på telefon eller mail:

Telefon nr 70 19 37 66 eller 94 19 43 78

Mail adresse: vassetbarnehage@mimer.no

Lurer dere på noko meir, spør oss gjerne.

